



**DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT**

Ifølge liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/6930-

26.09.2016

Regionale komitear for medisinsk og helsefagleg forskningsetikk (REK) - Forslag til medlemmer/varamedlemmer for perioden 1. juli 2017 til 30. juni 2021

Dei regionale komiteane for medisinsk og helsefagleg forskningsetikk (REK) vert oppnemnde av Kunnskapsdepartementet for fire år om gongen. Komiteane har ni medlemmer med personlege varamedlemmer. Medlemmene skal vere fagkyndige innanfor medisin, psykologi, sjukepleie, jus og etikk, i tillegg skal det vere representantar frå offentleg helsemyndigheit/regionale helseføretak, pasientorganisasjonar og lekfolk. Departementet nemner opp komiteane etter framlegg frå universiteta i Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø, Norsk Sykepleierforbund, Helsedirektoratet, dei regionale helseføretaka, fylkeskommunane og pasientorganisasjonane Funksjonshemmedes fellesorganisasjon, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjonar og Norsk Pasientforening. Det blir vidare annonsert etter lekrepresentantar.

Funksjonstida for dei noverande komiteane går ut 30. juni 2017, og departementet førebur oppnemning for perioden 1. juli 2017 til 30. juni 2021.

Kvar komité skal ha ein lekrepresentant med vara. Fylkeskommunane har høve til å kome med forslag. De kan i så fall forslå medlemmer til komiteane som dekkjer dykkar geografiske område:

Postadresse
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo
postmottak@kd.dep.no

Kontoradresse
Kirkeg. 18
<http://www.kd.dep.no/>

Telefon*
22 24 90 90*
Org no.
872 417 842

Forskningsavdelinga

Sakshandsamar
Tine Lund-Ness
22247663

- REK Sør-Øst (fire komitear): Vest-Agder, Aust-Agder, Telemark, Buskerud, Vestfold, Østfold, Akershus, Oppland, Hedmark fylkeskommunar og Oslo kommune
- REK Vest (ein komité): Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane fylkeskommunar
- REK Midt-Norge (ein komité): Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal og Nord-Trøndelag fylkeskommunar
- REK Nord (ein komité): Finnmark, Troms og Nordland fylkeskommunar

REK-sekretariata opplyser at komiteane til vanleg har 9 heildagsmøte i året, at kvart møte vurderer om lag 25-30 forskingsprosjekt, og at det er behov for tid til både førebuing og etterarbeid. Meir informasjon om REK og m.a. regelverket for arbeidet i komiteane finn de på denne adressa: <http://helseforskning.etikkom.no>

Vi minner om at ingen medlemmer eller varamedlemmer kan oppnemnast for meir enn to periodar i samanheng, jf. forskningsetikkforskrifta § 3. Dette betyr at medlemmer og varamedlemmer som har vore medlem og/eller varamedlem i to periodar (heile eller delar) i samanheng, ikkje kan reoppnemnast. Sekretariata for REK-komiteane har oversikt over kven dette gjeld.

Vi ber om at forslagsstillarane også melder tilbake til oss om de foreslår reoppnemning. Departementet tek sikte på reoppnemning så langt det er mogleg innanfor prinsippa om kjønnsfordeling, omsyn til rimeleg fornying av komiteane o.a.

Likestillingslova § 21 set krav til representasjon av begge kjønn i offentlege utval, og vi ber derfor om jamn fordeling av kvinner og menn mellom kandidatane. Vi minner om at fordelinga mellom kjønna vert vurdert separat for faste medlemmer og for varamedlemmer, og ber om at det vert teke omsyn til dette.

Vi ber om at vi får tilsendt CV-ar for alle nye kandidatar. Alle kandidatar som vert foreslått må ha sagt seg villige til å ta på seg vervet.

Vi ber om forslag **innan 12. desember 2016.**

Med helsing

Live Haaland (e.f.)
avdelingsdirektør

Tine Lund-Ness
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar.

Adresseliste

Finnmark fylkeskommune
Troms fylkeskommune
Nordland fylkeskommune
Sør-Trøndelag fylkeskommune
Nord-Trøndelag fylkeskommune
Rogaland fylkeskommune
Hordaland fylkeskommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Vest-Agder fylkeskommune
Aust-Agder fylkeskommune
Telemark fylkeskommune
Buskerud fylkeskommune
Vestfold fylkeskommune
Østfold fylkeskommune
Akershus fylkeskommune
Oppland fylkeskommune
Hedmark fylkeskommune
Oslo kommune